

Oppsummering frå kaffimøte 03.10.16

Tilstade: Ordførar samt 20 deltakarar frå næringslivet.

Tema:

1. Status Gol (næringsliv/reiseliv)

Det vart synt til oversikt over hovudnæringar og fordelinga mellom desse.

Størst er offentleg tenesteyting på 21 %, bygg og anleggsvirksomheit 13 %, detaljhandel 11 %, hotell restaurant og reiselivsvirksomheit ca. 11 % med meir.

Det vart og vist til ei oversikt over tal på virksomheiter i Gol og utviklinga frå 2012 – 2016. Pr 2016 er 880 virsomheiter etablert i Gol, og talet i 2012 var 798 – altså ei jamn auke over desse åra.

2. Kva skjer i Gol kommune?

Ordføraren oppfordra dei som møtte om å gje innspel i høyring av planstrategi, og informerte om dialogmøte på kommunehuset 01.11.16 som gjeld tomter med krav til utleige.

3. Arrangement i Gol

Det vart vist til ei liste over alle dei ulike arrangementa som utførast i Gol. Det var 30 på lista, men det kom fort fram at det eksisterer fleire. Arrangementa omfattar alt frå idretts, musikk, mat, handel og meir.

Det kom innspel på at kommune bør tenkje på å setje av areal for å kunne avhalde større arrangement i framtida når Gord-tomta ikkje lenger står tom. Ordførar tek med dette inn i revidering av kommunedelplan, samt inn i arbeidsgruppe for Masterplan Hallingmo.

Neste møte: 08.11.16 kl. 08.30 på Solstad Hotell.

Vel møtt!